




SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE



Plan for kompetanseutvikling i vidaregående opplæring skuleåret 2018-2019



Innhold

1. Innleiing.....	2
2. Nasjonale og lokale føringar	3
3 Prioriteringar	4
3.1 Kompetanse for kvalitet – dei statlege vidareutdanningsordningane	4
3.1.1 Vidareutdanning av leiarar.....	4
3.1.2 Vidareutdanning for lærarar	5
3.1.3 Vidareutdanning i karriererettleing.....	5
3.1.4 Vidareutdanning i PPT	6
3.2 Nasjonale etterutdanningsssatsingane	6
3.2.1 Etterutdanning for lærarar og leiarar i vidaregåande opplæring som underviser vaksne	6
3.3 Fylkeskommunale etterutdanningstiltak	6
Leiing	6
3.3.1 Rektornettverk	6
3.3.2 Etterutdanning av mellomleiarar	6
Opplæring	7
3.3.3 Skulevurdering	7
3.3.4 Skulane sitt utviklingsarbeid	7
3.3.5 Etterutdanning av rådgjevarar	7
Fag- og yrkesopplæringa	7
3.3.6 Etterutdanning i fag- og yrkesopplæringa	7
3.3.7 Etterutdanning av faglege leiarar, instruktørar og prøvenemnder.....	7
3.3.8 Etterutdanning i realkompetansevurdering	8
4 Økonomiske konsekvensar	8
4.1 Fylkeskommunal finansiert etterutdanning:.....	8
4.2 Nasjonale etterutdanningar:.....	9
4.3 Statleg finansiert vidareutdanningar:.....	9

1. Innleiing

Den vidaregåande opplæringa i Sogn og Fjordane har som eitt av sine overordna mål at elevar og lærlingar skal ha den kvalitativt beste opplæringa i landet.

Opplæringa skal vere relevant for deira aktive deltaking i samfunnet, i arbeidslivet og i høgare utdanning. Dei yrkesfaglege utdanningsprogramma må derfor ruste elevane og lærlingane til å møte arbeidslivet med relevant fag- og yrkeskompetanse, og dei studieførebuande programma må legge til rette for at elevane har eit godt grunnlag for å starte på høgare utdanning.

Høg og relevant kompetanse hjå lærarar, instruktørar og skuleleiarar er ein føresetnad for å nå desse måla. Kompetanseplanen gjer greie for rammer og tiltak for kompetanseutvikling for aktørar i vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane fylkeskommune skuleåret 2018-2019

Fylkesdirektøren legg opp til deltaking i den nasjonale satsinga «Kompetanse for kvalitet» for vidareutdanningar. Der har kompetanseutvikling i grunnopplæringa framleis høg prioritet. I tillegg omfattar satsinga etter- og vidareutdanning for leiarar, pedagogisk personale, PPT og etterutdanning for aktørar i fag- og yrkesopplæringa.

Dei fylkeskommunale etterutdanningsmidlane skal i hovudsak nyttast til skulebasert kompetanseutvikling og yrkesfaglærarløftet.

Målgruppa for planen er skuleleiarar, pedagogisk personale i skulen, tilsette i PPT, fagopplæringa og vaksenopplæringa.

2. Nasjonale og lokale føringar

Plan for kompetanseutvikling i vidaregåande opplæring 2018-2019 er forankra i følgjande grunnlagsdokumenta:

- Mål- og strategiplan for 2018-2021 «Mot nye høgder»
- Kompetanse for kvalitet – Strategi for vidareutdanning for lærere og skoleledere frem mot 2025
- Lærarløftet- på lag for kunnskapsskolen
- Yrkesfaglærarløftet – strategi for kompetanseutvikling for yrkesfaglærere
- Stortingsmelding 28 (2015- 2016) Fag - Fordypning - Forståelse. En fornyelse av Kunnskapsløftet.
- Strategi for etter- og vidareutdanning i PP-tenesta (SEVU-PPT 2013-2018)

Mål- og strategiplan for 2018-2021 «Mot nye høgder» gir rammer, retning og verdigrunnlag for kvaliteten på opplæringa i Sogn og Fjordane. Elevane og lærlingane i Sogn og Fjordane skal ha den beste opplæringa, ha eit breitt tilbod og ei heilskapleg opplæring. Samtidig som den vidaregåande opplæringa skal vere ein viktig regional aktør. Dette skal vi nå ved:

- tydeleg leiing
- tilpassa, variert og relevant opplæring
- tett samhandling mellom interne og eksterne aktørar i fag og yrkesopplæringa

Kompetanseutviklinga i dei vidaregåande skulane skal bygge opp under desse satsingane. Det skal danne grunnlag for kva kompetanse som skal styrkast i skulane våre og for val av område for kompetanseutvikling.

Samtidig skal dei nasjonale krava til kompetanse stettast.

Lærarløftet - på lag for kunnskapsskolen, set krav om at lærarar skal ha minimum 60 studiepoeng fordjuping i fag som dei underviser i. Den einskilde skule må sikre at dei har lærarar med relevant fagkompetanse i alle fag. Lærarløftet set også krav om auka satsing på etter- og vidareutdanning og skulebasert utviklingstiltak.

Satsinga *Yrkesfaglærarløftet– for fremtidens fagarbeidere*, har som mål å betre kvaliteten på yrkesfagopplæringa. Dei vil ha auka fokus på rekruttering av fagarbeidarar med relevant kompetanse til læraryrket og syte for at dei får pedagogisk kompetanse (PPU-Y). Vidare krev satsinga at yrkesfaglærarane skal ha tilbod om gode etter- og vidareutdanningstilbod og at dei har eit godt samarbeid med arbeidslivet.

Regjeringa vil også gjere etter- og vidareutdanningsmateriell for instruktørar meir tilgjengeleg. Der er hensikta å gi dei meir kompetanse i bruk av læreplan, rettleiing og tilpassa opplæring. Det vert også vurdert kompetanseutviklingstilbod for prøvenemnder der målet er å oppnå ei meir samstemt vurdering for kandidatar til fag- og sveineprøvar i heile landet.

Stortingsmelding 28 (2015- 2016) Fag - Fordypning - Forståelse. En fornyelse av Kunnskapsløftet føreslår ei fornying av faga i skulen. Læreplanane skal ikkje lenger vere så omfattande som i dag, dei

skal få tydeligare prioriteringar og det skal vere tid til fordjuping og forståing, meir djupnelæring. Det vert samtidig i den overordna delen av læreplanverket løfta fram tre tverrfaglege tema som skal prioriterast: (i) demokrati og medborgarskap, (ii) bærekraftig utvikling og (iii) folkehelse og livsmestring.

Dei nye læreplanane skal takast i bruk skuleåret 2020/2021, medan arbeidet med dei nye læreplanane startar skuleåret 2018/2019.

Strategi for etter- og vidareutdanning i PP-tenesta (SEVU-PPT, 2013-2018) er retta mot leiarar og rådgjevarar i PPT. Den har som mål å styrke dei tilsette sin kompetanse og bidra til auka fokus på systemretta arbeid i PPT. Denne satsinga vil frå 2019 vidareførast i kompetanse for kvalitet satsingane.

3 Prioriteringar

Det er gode statlege ordningar for finansiering av kompetanseutvikling i grunnopplæringa og i dei nasjonale satsingane. I tillegg gir Sogn og Fjordane fylkeskommune tilbod om kompetanseutvikling etter fylkeskommunalt finansierte ordningar. Fleire av ordningane er ein kombinasjon av statlege og fylkeskommunale midlar. Kven som vert prioritert til dei ulike ordningane er avhengig av kva behov den einskilde skulen har.

Det er avgjerande at dei som driv vidaregåande opplæring har ei aktiv og medveten haldning til kva kompetanse dei har og kva type kompetanse dei treng.

Sogn og Fjordane fylkeskommune gir tilbod om kompetanseutvikling etter tre ordningar.

3.1 Kompetanse for kvalitet – dei statlege vidareutdanningsordningane

3.2 Nasjonale etterutdanningssatsingane

3.3 Fylkeskommunale etterutdanningstiltak

Med vidareutdanning meiner vi her kompetanse som gir studiepoeng medan etterutdanning i denne samanheng er kompetanseutvikling som ikkje gir studiepoeng.

3.1 Kompetanse for kvalitet – dei statlege vidareutdanningsordningane

Kompetanse for kvalitet – strategi for vidareutdanning av lærarar har som mål å styrke læringa til elevane og gjere dei rusta for livslang læring, framtidig arbeidsliv og til aktiv deltaking i samfunnet.

Satsinga på vidareutdanning skal:

- auke fagleg og didaktisk kompetanse for lærarar og styrke leiarfagleg kompetanse
- vere eit tilbod særleg tilrettelagt for skuleeigar slik at dei kan oppfylle kompetansekrava for undervisning i engelsk, norsk og matematikk
- utvikle kollektiv læring og bidra til utvikling av profesjonsfellesskap på den einskilde skule

Målgruppa for vidareutdanninga er lærarar i heile grunnopplæringa, kulturskulelærarar og skuleleiarar. Ordninga gjeld leiarar og lærarar som er i fast arbeid.

3.1.1 Vidareutdanning av leiarar

Rektorutdanning er vidareutdanningstilbod til skuleleiarar i grunnopplæringa gjennom den statlege ordninga. Vi har i fleire år hatt tilsette som har teke denne utdanninga og det har vore prioritert frå fylkesdirektøren.

Vi har ein søkjar til denne ordninga og fire skuleleiarar som er i eit utdanningsløp.

3.1.2 Vidareutdanning for lærarar

Lærarane kan velje mellom fire vidareutdanningsordningar:

- Ordinær vidareutdanningsordning med vikar.
- Ordinær vidareutdanningsordning med stipend.
- Yrkesfaglærarløftet – vidareutdanning for yrkesfaglærarar
- PPU/PPU-Y (praktisk pedagogisk utdanning) med stipend.

Vikarordning

Skulen får utbetalt kr. 240 000 for lærarar som tek 30 studiepoeng i matematikk eller naturfag. Lærarane vert frikjøpte frå dei ordinære arbeidsoppgåvene med 37,5 % av full stilling og dei statleg midlane dekkjer 100% av dette frikjøpet. For andre fag får skulen eit tilskot på kr 192 000, medan fylkeskommunen dekker mellomlegget. Fylkeskommunen gir i tillegg tilskot til reise, opphald og skulemateriell.

Vi har 23 søkjarar til denne ordninga.

Stipendordning

Lærarar som tek 30 studiepoeng eller meir på eitt studie år, kan søke om kr 110 000 i stipend. Det skal lagast avtale mellom rektor og lærar som syner korleis skulen vil tilrettelegge for studiet og korleis stipendmidlane skal nyttast. Fylkeskommunen gir i tillegg tilskot til reise, opphald og skulemateriell og dekker vikar til lesedagar og eksamensdagar.

Vi har 8 søkjarar til denne ordninga.

Yrkesfaglærarløftet – vidareutdanning for yrkesfaglærarar

Det vert tilbydd kompetanse retta mot yrkesfaglærarane som profesjonsutøvarar, samt fagleg og didaktisk kompetanse. For skuleåret 2018/2019 vil Høgskulen på Vestlandet tilby følgjande fag for yrkesfaglærarar i vårt fylke:

- Framtidas skule/ 21st century skills (for Bygg- og anleggsteknikk, Teknikk og industriell produksjon og Elektrofag)
- Omsorgsteknologi (for Helse- og oppvekstfag)
- Yrkesfagleg kompetanse i breidde og djupne

Skuleeigar søker midlar gjennom stipend- og vikarordninga for desse utdanningane.

Vi har 34 søkjarar til denne ordninga.

Praktisk pedagogisk utdanning (PPU/PPU-Y) og yrkesfaglærerutdanning

Skuleeigar kan søkje stipend hjå Utdanningsdirektoratet for tilsette i undervisningsstillingar som ikkje stettar dei formelle krava til å undervise i vidaregåande skule. Fylkeskommunen gir tilskot til reise, opphald og skulemateriell.

Vi har 18 søkjarar til denne ordninga for 2018, 2 av desse har søkt yrkesfaglærerutdanninga.

3.1.3 Vidareutdanning i karriererettleiing

Det er tilbod om studium i karriererettleiing. Dette studietilbodet er finansiert gjennom stipendordninga i «Kompetanse for kvalitet» og gjennom fylkeskommunale midlar.

Vi har ein søkjar til denne ordninga 2018.

3.1.4 Vidareutdanning i PPT

Strategi for etter- og vidareutdanning i PPT (SEVU-PPT) skal styrke dei tilsette sin kompetanse og PPT sitt systemretta arbeid inn mot skulane.

Vi har ein leiar som tek studiet etter denne ordninga dette året.

I tillegg finansierer fylkesmannen ei vidareutdanning på 15 stp som heiter « Sakkunnig tilråding og forvaltning» for PPT tilsette. Der er 30 frå PPT som deltek, to av desse er tilsette i fylkeskommunen.

3.2 Nasjonale etterutdanningsatsingane

3.2.1 Etterutdanning for lærarar og leiarar i vidaregåande opplæring som underviser vaksne

Kompetanse Norge(nasjonalt fagorgan for kompetansepolitikk) lyser ut etterutdanningsmidlar for lærarar i vidaregåande opplæring som underviser vaksne. Fylkeskommunen vil søkje på desse midlane og tilby kurs for lærarar som underviser vaksne i fylket. Kompetanse Norge har utarbeidd kurskatalog som fylkeskommunen står fritt til å nytte seg av.

Fylkesdirektøren for opplæring har søkt om midlar til eit 2 dagars kurs for «Fleirspråk i skulen» og «Aktiv læring». Kommunane vert også invitert til å nytte seg av kurset.

3.3 Fylkeskommunale etterutdanningstiltak

Skulen og lærebedrifta sin kjerneaktivitet er å fremje læring og danning. Opplæringa skal gjennom trivsel og mestring gi gode vekstvilkår for læring. Det krev lærarar og instruktørar som har god elevkunnskap, er metodisk og fagdidaktisk dyktige, og som deltek og bidreg i profesjonsfellesskapet. Dette vil fylkeskommunen bidra til med sine etterutdanningstiltak. Ved å utvikle kollektive samarbeidskulturar og å ha systemmerksemd er målet å utvikle vellukka endringsprosessar i skulen, til beste for elevane.

Dei fylkeskommunale etterutdanningstiltaka skal vere få og gjennomgåande, dei skal vere overordna samtidig som dei gir plass til lokal handlingsfridom. Tiltaka skal vere retta mot dei tre kjerneområda; leiing, opplæring, fag- og yrkesopplæring, som mål og strategiplan «Mot nye høgder» legg opp til.

Leiing

3.3.1 Rektornettverk

Det er etablert eit strukturert nettverk for rektorane i tillegg til faste rektormøte. Nettverket er fagleg relevant, der formålet er å støtte opp under rektorrolla. Der vert lagt vekt på refleksjon og erfaringsdeling.

3.3.2 Etterutdanning av mellomleiarar

Det vert tilbydd opplæringsdagar for mellomleiarane i aktuelle tema.

Det er eit mål at mellomleiarane skal vere tettare på praksisen i klasserommet. Dei skal også legge til rette for at skulen får til gode utviklingsprosessar.

Fylkesdirektøren arbeidar vidare med satsinga på kompetanseutviklinga av mellomleiarar gjennom [LED-skule-satsinga](#). KS tilbyr LED skule som eit rammeverk for å overføre leiarteori til god leiarpraksis. Programmet kan skreddarsyst til lokale behov og komplementere anna leiarutvikling i kommunane og fylkeskommunen. Denne opplæringa skal gjennomførast i samarbeid med mellomleiarar i kommunane.

Opplæring

3.3.3 Skulevurdering

Fylkesdirektøren har etablert skulevurdering som ein del av kvalitetssystemet. Vurderinga tek utgangspunkt i Utdanningsdirektoratet sin metode for ekstern skulevurdering. Skulevurdering er pedagogisk utviklingsarbeid som baserar seg på kvalitetsutvikling utifrå eit område som lærarane har bestemt. Området vert bestemt med bakgrunn i resultat frå ståstadsanalysen og elevundersøkinga. Skulevurdering er ein del av fylkesdirektøren sitt arbeid med å vere tett på skulane.

3.3.4 Skulane sitt utviklingsarbeid

Prioriteringane og satsingane av dei fylkeskommunale etterutdanningstiltaka for lærarane skal skje gjennom skulebasert kompetanseutvikling. Skulane sitt pedagogiske utviklingsarbeid i etterkant av skulevurdering, er finansiert av fylkeskommunale midlar.

3.3.5 Etterutdanning av rådgjevarar

Fylkesdirektøren vil arbeide for at rådgjevarenettverka i fylket utarbeidar ein felles plattform og eit felles verktøy for ein heilskapleg karriererettleiing frå 8. – 13. årssteg. I tillegg arrangerer fylkeskommunen næringsreiser slik at rådgjevarane har kunnskap om lokalt næringsliv. Det vert gjennomført samlingar med tema om yrkes- og utdanningsmoglegheiter og rettleiingsmetodar.

Fag- og yrkesopplæringa

3.3.6 Etterutdanning i fag- og yrkesopplæringa

Fagnettverk

Det er etablert fagnettverk innafor både yrkesfaglege - og studieførebuande utdanningsprogram. Arbeidet med fagfornyninga har starta med dei gjennomgåande faga i grunnopplæringa. Strategien er at læreplanen i større grad skal utarbeidast lokalt. Vi må auke aktiviteten i fagnettverka for desse fagområda.

Fagnettverka sitt arbeid skal bidra til kompetanseutvikling innanfor ulike utdanningsprogram i tråd med nasjonale og lokale føringar. Nettverka skal utviklast som kjelde for kunnskapsdeling og kompetanseheving.

Hospitering

Hovudmålet for deltakarane som nyttar hospiteringsordninga er å:

- fornye og auke programfaglærarane sin kompetanse i eige fag, samt gje innsikt i andre fag i eige programområde/utdanningsprogram
- auke instruktørane/faglige leiarar sin kompetanse i den rollen dei har som rettleiarar for elever/lærlingar ute i bedrift i tråd med læreplanar og forskrifter i Kunnskapsløftet
- auke og vidareutvikle samarbeidet skule – arbeidsliv og sjå opplæringa i eit fireårig løp

Fylkesdirektøren vil prioritere hospiteringsmidlane inn mot praksisdelen for dei som tek vidareutdanninga «Yrkesfagleg breidde og djupne».

3.3.7 Etterutdanning av faglege leiarar, instruktørar og prøvenemnder

Fylkeskommunen skal tilby fagleg oppdaterte kurs til faglege leiarar og instruktørar. Dei skal også vidareutvikle prøvenemndene sine vurderingskriterium og dokumentasjonskrav og formidle desse til faglege leiarar og instruktørar. Prøvenemndene skal skulerast og gjerast tryggare på sensorrolla.

3.3.8 Etterutdanning i realkompetansevurdering

Fylkesdirektøren for opplæring vil prioritere etterutdanning for fagkonsulentar i vidaregåande opplæring for vaksne. Dette kan også vere vidareutdanningar eller lokale/regionale etterutdanningstiltak i samarbeid med andre fylke.

4 Økonomiske konsekvensar

Dette kapittelet gir ei oversikt over prioriterte tiltak og økonomi for 2018/19.

4.1 Fylkeskommunal finansiert etterutdanning:

Målområder	Tiltak	Kostnadsrammer : 2 586 000
------------	--------	----------------------------

Skulane sitt utviklingsarbeid:		
Skulevurdering	Pedagogisk utviklingsarbeid	636 000,-
Hospitering	Skule – arbeidslivs samarbeid	1 000 000,-
Faglege leiarar/instruktørar og prøvenemnd	Opplæring	200 000,-
	Hospitering	500 000,-
Etterutdanning i realkompetansevurdering	Etterutdanning av fagkonsulentar	100 000

Nettverk

Rektornettverk	Faglig kompetanseutvikling for rektorar Rektorskulen (1 søkar)	<i>Igangsett ,finansiert av avsette fondsmidler 330 000,- 50 000,-</i>
Fagnettverk	Fagfornyng	<i>Finansiert av restmidlar frå tidlegare statlege tilskot 300 000,-</i>
Skuleleiing	Kompetanseutviklingstilbod til mellomleiarane gjennom LED-skule-satsinga	OU-midler KS
Rådgjevarar/OT	Heilskapleg karriererettleiing frå 8. – 13. årssteg	100 000,-

4.2 Nasjonale etterutdanningar:

Målområder	Tiltak	Kostnadsrammer
------------	--------	----------------

Etterutdanning for lærarar og leiarar i vidaregåande opplæring som underviser vaksne	«Fleirspråk i skulen» og «Aktiv læring»	Søkt om statlege midlar 111 000,-
--	---	--------------------------------------

4.3 Statleg finansierte vidareutdanningar:

Målområder:	Tiltak:	Kostnadsramme:
-------------	---------	----------------

Vidareutdanning med statleg frikjøp eller stipend	Vidareutdanning innanfor fagområde skulen har behov for	Søkt om statlege midlar: Kr 3 727 000,-
Vidareutdanning av yrkesfaglærarar gjennom statleg stipendordning	Utdanning knytt til yrkesfaglege program	Søkt om statlege midlar: Kr 656 000,-
PPU/PPU-Y /YFL	Vidareutdanning for lærarar utan godkjent pedagogisk utdanning og Yrkesfaglærarutdanning.	Søkt om statlege midlar: Kr 1 100 000
Skuleleiarutdanning	Nasjonal rektorutdanning for skuleleiarar	Statleg vidareutdanning der skulane sjølve tek kostnadane.
Vidareutdanning av PP-tenesta	Vidareutdanning gjennom statleg ordning	Fylkesmannen/ statleg finansiering

Finansiering:

Kostnader:

Statlege midlar: 5 594 000	Etter- og vidareutdanning: 5 594 000
Fylkeskommunale budsjettmidlar: 2 586 000 Eigne fondsmidlar/rest statleg tilskot: 630 000	Skulebasert kompetanseutvikling: 2 586 000 Rektornettverk/Fagnettverk : 630 000

